



**DREAMS SHOWBAR:** Ikkje noko særleg kunstnerisk over denne strippinga!

FOTO: BA

Ho er naturleg nok opprørd, **ODDNY MILJETEIG**, over det nye forsøket på å gjera Bergen til ein strippeby. Og ho er forbausa over at det er naudsynt, 18 år etter Tropicana, nok ein gong å stå opp og kjempa mot kvinneundertrykking.

## Nei til stripping!

«Nei til stripping – der du jobber, der du bor og der du går og drikker!». Slik gjalla det utanfor strippebaren Tropicana i 1992, då kvinnerørsla og Bergen Hotell- og restaurantarbeiderforening stilte seg fremst i kampen for å få slutt på stripping som underholdning i Bergen. Tropicana hadde opna med striptease i bur for rettelig å visa seg som eit fargerikt og frilyndt tilskot til byens uteliv.

No, i 2010, har Tropicana fått sin sanne etterfylgjar. Dreams Showbar heiter skapningen i 2010-varianten, utvandra frå Trondheim for å tena pengar på bergensarar som har trong for å drikka til kjøp og sal av kvinners kropp.

Det er slett ikkje sikkert det er så mange. Tropicana stengde etter tolv aksjonsfredagar i 1992. Sidan den tid er det berre sporadisk at strippe-arrangørar har prøvd seg på å tena pengar i Bergen – og suksess har dei vel knappast opplevd. Sjølv Rocco gav opp Bergen og meinte byen var gjennomsyra av feminisme, sånn på lag. Det er ingenting å skamma seg over!

**SKAMMAR SEG:** Men innehavaren av Dreams Showbar skammar seg visst over eiga verksemd. I alle fall har han ikkje opplyst til det kommunale kontoret for skjenkjesaker at Dreams Showbar skulle bli noko heilt anna enn Studenten, som hadde vore der før. Dreams Showbar har søkt om «overdragelse» – og opplyst til skjenkjekontoret at dei einaste endringane som skulle gjerast, var endringar av eigarforholda i selskapet Studenten AS, som er løyvehavar.

I alkohollova

§ 4-2 er det sagt om skjenkeløyve: «Beviljing gjelder for et bestemt lokale og en bestemt type virksomhet». Dreams Showbar har altså funne det opportunt, eller naudsynt, ikkje å seia frå at dei ikkje skal driva eit «nattklubbsted/diskotek» innretta mot byens studentmasse – men tvert imot ein strippeklubb. Er den trønderske

innehavaren også redd for at Bergen er gjennomsyra av feminisme?

**FRÅSTAND:** Eg veit ikkje om region-sjef Tom Knudsen i NHO vedkjenner seg som feminist. Eller om reiselivsdirektør Ole Warberg gjer det. Det er heller ikkje poenget. Poenget er at dei begge, i det offentlege rom, har teke klårt fråstand frå at strippebaren til trøndaren Atle Maaø har noko som helst positivt å tilføra det bergenske uteliv.

Til BA sa Tom Knudsen søndag at han reknar med at «seriøse NHO-bedrifter betakker seg for å bli assosiert med slike utesteder». «Vi får verken flere turister eller flere konferanser til byen på grunn av en slik klubb», slo reiselivsdirektør Ole Warberg fast i same avis same dag. Vi som vedkjenner oss til både feminismen og kvinnerørsla, vi takkar karane for handslaget, og for anstendigheta.

Kvinnens kroppar skal ikkje vera til sals, anten det gjeld stripping, pornografi eller prostitusjon. Og i det store biletet heng desse «sjangrane» saman – og det er lysskye og brutale krefter som tener pengar på forsvarslause kvinners vanlagnad. Nei, ein treng ikkje å ha forsett seg på Sopranos for å meina det – ein treng ikkje eingong vera feminist for å meina det. Det held lenge med sunn fornuft og eit aldri så lite likestilt syn på kvinner.

**FRI VILJE:** Dreams Showbar i Bergen skiltar med strippedansarar som fastslår at stripping gjer

dei av eigen fri vilje, at dei ikkje er jomfruer i naud og ikkje treng kvinnerørsla til å bestemma for seg. Nei, det er likt seg, det. Men dei «frivillige» kan heller ikkje ta vekk det faktum at stripping som fenomen er djupt kvinnekjønnskriminerande og seksualisert kommersialisering av kvinnekroppen.

Det er ikkje mykje kunstnerisk over strippinga til Dreams Showbar. Journalist Camilla Fosse i BA fekk det fram på ein sterk måte i sin kommentar «Fantasi-damer» i BA laurdag: Det handlar om jakta på «kundar». Meir kunstnerisk eller frigjort er det ikkje.

Kvinnediskriminering tek mange former i arbeidslivet, i privatlivet og i det offentlege rom. Ingen av 1970-talets kvinneaktivistar hadde nok forestilt seg at døtre våre 20 og 30 år seinare skulle måtta kjempa mot skjønnhetstyranniet, eller at den fremste dødsårsak blant årtusenskiftets unge kvinner skulle bli spiseforstyrrelser.

**LIVET LAUST:** Kvinnediskriminering går på liv og helse laus, også i 2010. Og Dreams Showbar minner oss om at likestilte er vi slett ikkje – ikkje enno! Men at kampen for kvinners rettar går framover, det viser NHO-sjefen, reiselivsdirektøren og for den del huseigar Hui-brørne når ingen av dei stiller seg bak strippeklubbverksemda. Det gjer forresten heller ingen av gruppearane i bystyret, medan byrådet (med fleirtal av kvinner) har vore tagale så langt.

Pressa ynskjer nok at det skal koma til konfrontasjonar mellom Dreams Showbar og kvinnerørsla i Bergen. Det vil gje både tabloide og mindre tabloide media lesarvenlege oppslag. Eg for min del håpar at strippebaren skal måtta kasta inn korta ved åtgjerder anten frå skjenkjekontoret, frå huseigar eller ved at publikum sviktar.

Men eitt er klårt, skjer ikkje det, då er eg viss på at kvinnene i kvinne- og fagrørsla, med allierte, gjer jobben frå 1992 ein gong til. Og hugs: 18 år seinare er vi endå ein generasjon kvinner komne til. 1992-mottoet, det er meir enn godt nok også i 2010: «Nei til stripping – der du jobber, der du bor og der du går og drikker!»

## Et demokratisk fremskritt

Artikkelen «Politisk uro blant norske tamiler» forvrenger virkeligheten. Ifølgje artikkelen er det «betydelig misnøye blant norske tamiler etter at en ny organisasjon gjør krav på å representere samtlige tamiler i Norge». Kilden til dette oppslaget er en enkeltperson.

Realiteten er følgende: 15. november 2009 gikk tamiler over hele Norge til stemmeurnene for å velge representanter til Landsrådet for eelam-tamiler. For første gang gjennomførte en minoritetsgruppe her til lands et demokratisk valg for å velge sine representanter. I norsk kontekst er dette historisk, og et viktig demokratisk fremskritt for den tamilske minoritetsbefolkningen.

Vi har selvsagt begrensede økonomiske ressurser og en begrenset organisasjon, slik at vi ikke kunne organisere valglokaler i samtlige fylker. Like fullt hadde 76 prosent av tamiler bosatt i Norge mulighet til stemme, og av disse avla 41 prosent sin stemme. Nå har vi i landsrådet begynt arbeidet vårt, og vi må bevise at vi er et viktig organ for tamiler i Norge. Hvis vi lykkes med dette, er vi sikre på at deltakelsen vil øke ved neste valg. Samtidig er det ingen tvil om at Landsrådet for eelam-tamiler er et demokratisk valgt organ, og at vi er den tamilske organisasjonen i Norge som har det desidert kraftigste demokratiske mandatet.

**HVA GJØR VI:** Hva skal så vi i Landsrådet for eelam gjøre? Vi ønsker å sette menneskerettighetsspørsmål, ytringsfrihet, bistand til økonomisk vekst på Sri Lanka, og integrering i Norge på dagsordenen. Vi tror konstruktiv handling er veien ut av håpløshet, frustrasjon og depresjon. Vårt mandat er å fremme tamilenes identitet, språk og integrering i det norske samfunnet, og å kjempe demokratisk for anerkjennelse og aksept av *Tamil Eelam*, en uavhengig stat for tamiler i nordlige og østlige deler av Sri Lanka.

Akkurat nå er det aller viktigste å sikre at pengene til gjenoppbygging i de tamilske områdene, faktisk når frem. Situasjonen for tamilene er så alvorlig at det vil være svært uheldig hvis de ikke får den støtten de trenger. Erfaringene fra tiden etter tsunamien viser at pengene den gangen ikke nådde de mest trengende. Regjeringen på Sri Lanka kanaliserte pengene til private kontraktører i sør, og den singalesiske eliten beriket seg ytterligere.

**UTFORDRING:** Derfor har vi i Aftenposten utfordret utviklingsminister Erik Solheim. Vi utfordrer ham til å inkludere norsktamiler i det norske gjenoppbyggingsarbeidet på Sri Lanka. Vi har mye kompetanse og lokalkjennskap som norske myndigheter bør nyttiggjøre seg av.

Vi ønsker å inkludere flest mulig i arbeidet vårt, slik at vi kan bidra til å skape en rettferdig løsning for tamiler på Sri Lanka, og fremme kunnskap om tamilenes situasjon her i Norge. Da trenger vi samarbeid og åpenhet – og ikke smålige angrep som overser de demokratiske stemmene fra flere tusen tamiler i Norge.

● **Panchakulasingham Kandiah**  
er leder i Landsrådet for eelam-tamiler



**PANCHA-KULASINGAM KANDIAH**

**ODDNY MILJETEIG**

oddny.miljeteig@bergen.kommune.no

Kommunalråd for SV i Bergen

